



Heldal Marina As
Åsgardane 137
5282 LONEVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/1229 - 23/17029

Saksbehandlar:
Therese Lyngbo Iversen
therese.lyngbo.iversen@osteroy.kommune.no

Dato:
26.07.2023

Gbnr 86/5 Helldal - Legging av vassleidning til båthamn - Ferdigattest

Administrativt vedtak. Saknr: 216/23

Tiltakshavar: Heldal Marina As
Ansvarleg søkjar: Mjelstad Og Stokke Rørleggerforretning As
Tiltak: Legging av vassleidning til båthamn
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Kommunedirektøren sitt vedtak:

"Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for legging av vassleidning til båthamn for tilkopling til kommunale vassleidningar på gnr. 86 bnr. 5."

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 11.05.2023 saknr. 127/33. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 10.07.2023.

Skildring

Adresse:	Gnr. 86 bnr. 5.
Bygningstiltak:	Legging av vassleidning til båthamn

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 13-1, 6. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b. Det er høve til å be om utsett iverksetjing, jf. forvaltningslova § 42, 1. ledd. Part har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 18 og 19.

Til orientering

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 23/1229.

Med helsing

Tore Johan Erstad
einingsleiar for teknisk forvaltning og plan

Therese Lyngbo Iversen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Heldal Marina As	Åsgardane 137	5282	LONEVÅG
Mjelstad Og Stokke	Fotlandsvegen 39	5282	LONEVÅG
Rørleggerforretning As			